

- Ein møteplass for alle som
bur i Sykkylven!.



FØNIXHUSET
ALL AKTIVITETSHUSET I SYKKYLVEN

MØTEPLASSEN

På Fønixhuset møter du folk frå alle aldersgrupper, kulturar og nasjonar.

Du treng ikkje ha noko spesielt ærend for å kome innom. Du er velkomen innom til ein hyggelig prat, eller kanskje ein kaffikopp og eit vaffelhjarte eller to. Enkelte kjem også innom med laptop'n for å gjere lekser eller surfe på internett.



Ein prat i den heimekoslege atmosfæra som pregar Fønixhuset.

*Foto:
John Verkland*

Vi ønskjer eit levande hus, der det er aktivitet både på dagtid og om kvelden.

Mange lag og foreiningar nyttar Fønixhuset for ein del av aktivitetane sine, men vi har rom for fleire.



Arbeidsborda frå den gamle Fønixfabrikken gjer fortsatt nytte for seg.

Foto: Fønixhuset

AKTIVITETAR FOR ALLE

Det er og har vore mange forskjellige aktivitetar og kurs på Fønixhuset. Akvarellmåling, flugebinding, scrapbooking, strikkekafé og knivmaking er nokre av dei.

Ei rekkje utstillingar har det òg vore, blant anna av knivar, vev, måleri og møblar.

Utstillinga "Kulturvogga" eit samarbeid mellom Norsk Møbelfaglig Senter og Internasjonal Kvinnegruppe.



Foto: Fønixhuset

Vi har også aktivitetar på huset i samarbeid med barnehagane og skulane. Eit populært alternativ der borna får utfolde seg kreativt. Det blir også arrangert ungdomskveldar og pensjonistkafé.



Aktivitetar for alle aldersgrupper.

Foto: Fønixhuset

INSPIRASJON OG KREATIVITET

Har du ein hobby eller ei interesse som du vil dele med andre? Vi tilbyr oppvarma og trivelege lokale. - Alle som kjem innom og vil delta på ein aktivitet skal vere velkomne. Ein god måte å skaffe nye medlemmar eller deltakarar på!



*Deltakarar på
knivmakarkurs
i "Snikkarboda".*

Foto: Fønixhuset

I kjellaren har vi ein verkstad "Snikkarboda", som har enkle trebearbeidingsmaskiner og ei maskin for steinsliping.

I eit hjørne av lokalet har vi ei målarå, der er du velkomen til å delta, enten for hente ny inspirasjon og lære, eller for å dele din kunnskap med andre.



Kreative unge kunstnarar i "Målaråa".

Foto: John Verkland

FRIVILLIGE OG SAMARBEID

Huset blir i dag drive av frivillige gjennom Frivilligsentralen i Sykkylven, som også har det økonomiske og formelle ansvaret for drifta. Med god støtte og samarbeid frå lokale bedrifter, NAV og kommunen har huset i dag ein trygg driftsplattform.

*Den offisielle
opninga av
Fønixhuset.*

*Foto:
Sykkylvsbladet*



Frivillige sørger for at huset er ope alle kvardagar mellom klokka ni og fire. På kveldstid når det er lys i lokala, er det lag og organisasjonar som held huset ope.




*Frivillige
serverar
ny steikte
sveler til
kaffien på
onsdags-
kveldar.*

Foto: Sykkylvsbladet

Vi har alltid behov for fleire frivillige, så dersom du har tid til overs og kunne tenke deg å begynne med ein aktivitet ta kontakt med oss.

FAKTA OM FØNIXHUSET

Ole T. Lied starta konfeksjonsfabrikken Fønix i 1911 med tilhaldsstad i huset. Fabrikkdirifta vart lagt ned i 1957, og huset vart brukt til lager i fleire tiår. Det staslege huset stod i mai 2007 fram som ein fugl Fønix, etter eit felles dugnads-løft av frivillige, bedrifter, kommunen, lag og organisasjonar.



FØNIXHUSET

Frivilligsentralen i Sykkylven
Kyrkjevegen, 6230 Sykkylven
Telefon: 70 24 68 36 / 907 33 379
E-post: fonix@fonixhuset.no
Heimeside: www.fonixhuset.no

Opningstid: 0900 – 1600, eller når det er lys i lokala ☺